

# UTDANNING I NORDEN

Korleis blir du animatør? Kva slags skolar finns det? Kva lærer du? [Tilt] har spurt Noregs framste ekspert på animasjon, Gunnar Strøm, om dette.

---

Av Per Terje Naalsund

---

## Høgskulen i Volda

Gunnar Strøm er ansatt ved Høgskulen i Volda, som gir den grunnleggande utdanninga innanfor animasjon i Noreg. Han fortel at studiet der både er praktisk og teoretisk, men med mest vekt på det praktiske. Utdanninga tek 3 år. Ho er brei i tilnærminga og gir opplæring i dei ulike teknikkane teiknefilm, cut-out/eksperimentell film og dukkefilm i kvart sitt semester, mens dataanimasjon er ein del av undervisninga i alle semestra. Eit av semestra blir gjerne brukt utanlands på utveksling, mens studentane det siste året lagar eksamensfilmen sin og har praksis ute i produksjonsselskap. Den teoretiske delen set animasjonsfilm inn i mediehistoria, og det blir lagt vekt på historieforteljing og kunnskap om produksjon av egne filmar og det å drive eige selskap.

Utdanninga er tilpassa etterspørselen etter animasjon i Noreg, der særleg fjernsynet, musikkvideoar og dataspel har behov for animerte innslag, i tillegg til at små animasjonsstudio som Pravda, Kvisten og Mikrofilm lager egne kortfilmar. Nokon animasjonsindustri har ein ikkje i Noreg, då fjernsynskanalane først no har gått i gang med å produsere animasjonsseriar. Studentane ved Høgskulen i Volda blir derfor ikkje øva opp til å bli gode animatørar for filmindustrien. Dei lærer seg å vere allsidige og selvstendige, og får eit bredt grunnlag for seinare spesialisering.

## Danmark

I Danmark er derimot animasjonsindustrien godt utvikla med fleire langfilmproduksjonar og tv-seriar. Der er animasjonsutdanninga difor delt opp i to. Ved animasjonsverkstaden i Viborg tilbyr dei ei 3-årig utdanning med vekt på karakteranimasjon slik som vi kjenner han frå hånkteikna Disneyfilmar og dataanimerte Pixarfilmar. Her lærer ein seg altså sjølv animeringa av figurar. Det meir overordna grepet om å fortelje med animasjon kan ein lære ved Den danske filmskolen i København, som gir utdanning i regi og manusskriving for animasjonsfilm. Studia i Danmark er kommersielt og industrivenleg lagt opp.

## Animasjonsverkstaden i Turku

Ein meir kunstnarleg vinkling finn du i Turku,

Finland, der filmskaparen Priit Pärn er leiar for animasjonsutdanninga ved Turku kunstakademi. Her blir hovudvekta lagt på kunstnarlege kortfilm, og ved studentfilmfestivalar peikar filmar herifrå seg ofte ut.

## Interaktiva akademien

Ein slags mellomting mellom Turku og Volda finn du i Eksjö, Sverige, der Interaktiva akademien legg vekt på det kunstnarlege utan å vere ein kunstskole.

## Andre skular i Noreg

Det finns i tillegg til Volda ein rekke andre skolar som gir innføring i animasjonsfilm i Noreg. Blant desse er Kunst- og Filmskolen i Kabelvåg, Møre Folkehøgskole, Idefagskolen i Tønsberg, Høgskolen i Vestfold, Kunst- og Håndverksskolen i Oslo og Noroff Instituttet i Oslo.

## Kva krevs?

På spørsmål om det er vanskeleg å komme seg inn på animasjonslinja i Volda, svarar Strøm både ja og nei. Kvart år tek dei opp ti elevar. Til vanleg finns det mellom 50 og 80 seriøse søkjarar til plassane. Du søker gjennom samordna opptak, og i andre runde må du sende inn arbeidsprøvar og oppgåveløysningar. 20-30 av søkjarane blir invitert til intervju og ytterlegare oppgåver, og blant dei omtrent 15 som står att vert plassane fordelt etter karakterar og studiepoeng. Skolen legg i inntaket vekt på at søkjaren er allsidig, då animasjon krev at du meistrar rørsle og musikk, er flink til å observere og kan fortelje, teikne og forme. Dei har lagt merke til at dei som er musikalske ofte gjer det godt, og det samme gjeld dei som har røynsle med poesi. Det viktigaste når du søker er likevel at alt det du sender inn av arbeidsprøvar er av god kvalitet.

## Nettsidar

For meir informasjon, sjå følgjande nettsidar:  
<http://schools.awn.com>  
<http://www.hivolda.no>  
<http://www.tajideakatemia.turkuamk.fi/eng>  
[www.filmskolen.dk](http://www.filmskolen.dk)  
[www.animwork.dk](http://www.animwork.dk)  
[www.interaktivaakademien.se](http://www.interaktivaakademien.se)